



## Innkalling for Kommunestyret i Radøy

**Møtedato:** 08.12.2016  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 18.15

### Saksliste:

Saksnr	Tittel
063/2016	Meldingar og referatsaker
064/2016	Prioritering av søknader om spelemidler - søknadsrunden 2017
065/2016	Intensjonsavtale om utvalde tenester frå Business Region Bergen (BRB)
066/2016	Suppleringsval til kontrollutvalet i Radøy
067/2016	Førebunde fellesnemnd - reglement arbeidsvilkår og godtgjersle
068/2016	Førebunde fellesnemnd for ny kommune - mandat
069/2016	Plansak 12602016000100 Kommundelplan for Bøvågen - Endeleg godkjenning av planprogram
070/2016	Politisk reglement 2016
071/2016	Søknad om kommunal garanti for lån - Aufera AS
072/2016	Budsjettregulering november 2016
073/2016	Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-20

**Spørjetime:** Det vert spørjetime kl. 18.15. Skriftlege spørsmål må vera tilsendt ordføraren innan 48 timar før møtestart.

### Orienteringar

- Presentasjon av brukarundersøking på byggesak v/NorPR
- NAV Radøy - tilbakemelding på oppfølging av forvaltningsrevisjon

Det vert utdeling av Radøy kommune sin arbeidsmiljøpris

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

22. oktober 2018

Jon Askeland  
ordfører

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
102/2016	Formannskapet i Radøy	PS	24.11.2016
064/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	08.12.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	16/2000	16/14292

### Prioritering av søknader om spelemidler - søknadsrunden 2017

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Alle innkomne spelemiddelsøknader skal prioriterast gjennom politisk fatta vedtak og i samsvar med kommunen sin plan for idrett og fysisk aktivitet. Radøy kommune sin *kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø* med handlingsplan vart vedteke av kommunestyret 3. mars 2016. Handlingsplanen skal rullerast årleg, første gong i 2017.

Det er til sendt inn eller meldt inn seks spelemiddelsøknader på ordinære anlegg og seks søknader på nærmiljøanlegg.

Idrettsrådet har hatt prioriteringa av søknader på høyring, og er samd med rådmannen sitt forslag til prioritering.

#### Vurdering

##### Ordinære anlegg

Pri.	Anlegg	Søklar	Søknadssum	Status
1.	Skytebane Haukåsen, (100 m riflebane)	Radøy skyttarlag	Kr 575 000	Fornya søknad
2.	Radøyhallen, rehabilitering	Radøy kommune	Kr ?	Fornya søknad
3.	Grønålen, kunstgrasbane	Manger IL	Kr 1 000 000	Fornya søknad

4.	Hordabø, kunstgrasbane	Hordabø IL	Kr 950 000	Gjentatt søknad Tildelt 1 250 000 i 2016
5.	Hordabø, lysanlegg	Hordabø IL	Kr 300 000	Fornya søknad
6.	Radøyhallen, lager	Radøy kommune	Kr ?	Ny søknad

Den foreslåtte prioriteringa av søknader følgjer rekkjefølgja i handlingsplanen i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Lageret i Radøyhallen er ikkje med i handlingsplanen, men vil verta foreslått inn ved første rullering av handlingsplanen i 2017. Dette er den einaste nye søknaden. Kunstgrasbana på Hordabø idrettspark fekk tildeling på 1 250 000 i 2016, og denne søknaden er ein gjentatt søknad. Dei andre søknadene er fornya søknader.

Dei anlegga der det står spørsmålsteikn på søknadssummen er søknader som er meld inn, men ikkje motteke til no. Det same gjeld under nærmiljøanlegg.

#### Nærmiljøanlegg

Prioritering	Anlegg	Søkjar	Søknadssum	Status
1.	Skageneset - Fleirbruksflate-	Bergen og omland friluftsråd	Kr 300 000	Fornya
2.	Skageneset - turstiar	Bergen og omland friluftsråd	Kr 84 000	Fornya
3.	Gapahuk – Nesvatnet	Radøy kommune	Kr 58 000	Ny
4.	Fleirbruksflate – Sæbø skule	Radøy kommune	Kr ?	Ny
5.	Klatreanlegg – Sæbø skule	Radøy kommune	Kr ?	Ny
6.	Balanseline – Radøy ungdomsskule	Radøy kommune	Kr 25 000	Ny

Den foreslåtte prioriteringa følgjer rekkjefølgja i handlingsplanen i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Dei tre siste er ikkje med i handlingsplanen, men då dei er kostnadsrekna til under 600 000 er dette ikkje eit krav.

Klatreparken ved Sæbø skule som står på første plass i handlingsplanen, fekk avslag på spelemidlar i 2016, og det er ikkje søkt på nytt i denne søknadsrunden. Grindverksbygget i Skageneset som står på andreplass i handlingsplanen, har fått tilsegn om spelemidlar i 2016. Fleirbruksflate i Skageneset og turstiar til Skageneset er fornya søknader. Dei andre er nye.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune prioriterer spelemiddelsøknadene for søknadsrunde 2017 slik:

### Ordinære anlegg

Prioritering	Anlegg	Søkjar	Søknadssum	Status
1.	Skytebane Haukåsen, (100 m riflebane)	Radøy skyttarlag	Kr 575 000	Fornya søknad
2.	Radøyhallen, rehabilitering	Radøy kommune	Kr ?	Fornya søknad
3.	Grønålen, kunstgrasbane	Manger IL	Kr 1 000 000	Fornya søknad
4.	Hordabø, kunstgrasbane	Hordabø IL	Kr 950 000	Gjentatt søknad Tildelt 1 250 000 i 2016
5.	Hordabø, lysanlegg	Hordabø IL	Kr 300 000	Fornya søknad
6.	Radøyhallen, lager	Radøy kommune	Kr ?	Ny søknad

### Nærmiljøanlegg

Prioritering	Anlegg	Søkjar	Søknadssum	Status
1.	Skageneset - Fleirbruksflate-	Bergen og omland friluftsråd	Kr 300 000	Fornya
2.	Skageneset - turstiar	Bergen og omland friluftsråd	Kr 84 000	Fornya
3.	Gapahuk – Nesvatnet	Radøy kommune	Kr 58 000	Ny
4.	Fleirbruksflate – Sæbø skule	Radøy kommune	Kr ?	Ny
5.	Klatreanlegg – Sæbø skule	Radøy kommune	Kr ?	Ny
6.	Balanseline – Radøy ungdomsskule	Radøy kommune	Kr 25 000	Ny

### Formannskapet i Radøy - 102/2016

#### FS - handsaming:

Kulturrådgevar Bente K. Hervik svara på spørsmål.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmanne sitt framlegg til vedtak.

#### FS - vedtak:

Radøy kommune prioriterer spelemiddelsøknadene for søknadsrunde 2017 slik:

### Ordinære anlegg

Prioritering	Anlegg	Søkjar	Søknadssum	Status
1.	Skytebane Haukåsen, (100 m riflebane)	Radøy skyttarlag	Kr 575 000	Fornya søknad
2.	Radøyhallen,	Radøy	Kr ?	Fornya søknad

	rehabilitering	kommune		
3.	Grønålen, kunstgrasbane	Manger IL	Kr 1 000 000	Fornya søknad
4.	Hordabø, kunstgrasbane	Hordabø IL	Kr 950 000	Gjentatt søknad Tildelt 1 250 000 i 2016
5.	Hordabø, lysanlegg	Hordabø IL	Kr 300 000	Fornya søknad
6.	Radøyhallen, lager	Radøy kommune	Kr ?	Ny søknad

#### Nærmiljøanlegg

Prioritering	Anlegg	Søkjær	Søknadssum	Status
1.	Skageneset - Fleirbruksflate-	Bergen og omland friluftsråd	Kr 300 000	Fornya
2.	Skageneset - turstiar	Bergen og omland friluftsråd	Kr 84 000	Fornya
3.	Gapahuk – Nesvatnet	Radøy kommune	Kr 58 000	Ny
4.	Fleirbruksflate – Sæbø skule	Radøy kommune	Kr ?	Ny
5.	Klatreanlegg – Sæbø skule	Radøy kommune	Kr ?	Ny
6.	Balanseline – Radøy ungdomsskule	Radøy kommune	Kr 25 000	Ny

#### Vedlegg:

Radøy idrettsråd styremøte 14.11.2016

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
093/2016	Formannskapet i Radøy	PS	09.11.2016
065/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	08.12.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	16/1177	16/13822

## Intensjonsavtale om utvalde tenester frå Business Region Bergen (BRB)

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Business Region Bergen AS var eit samarbeid mellom Bergen kommune og ein del av kommunane i Hordaland. Kommunane i Nordhordland var indirekte medlemmer via Regionrådet (NUI). Etter at Bergen kommune valde å trekkja seg ut har det vore jobba med sikte på å finna fram til ein alternativ måte å organisera ein del av dei oppgåvene BRB driv med på vegne av kommunane.

Eigarane i Business Region Bergen og Hardangerrådet har i fellesskap utarbeidd eit framlegg for å ta i vare og styrka nokre av tenestene frå Business Region Bergen. Dette gjeld først og fremst Etablerersenteret og «Invest in Region Bergen».

I vedlagde notat og intensjonsavtale går det fram korleis ein ser for seg organiseringa framover. Hordaland fylkeskommune tek over vidare drift av Etablerarsenteret, oppfølging av strategisk næringsplan for bergensregionen og Invest Bergen. Dei vil og ta rolla som sparringpartner for kommunane i arbeidet med å utvikla næring lokalt.

Det skal opp utarbeidast endeleg samarbeidsavtale for dei to prosjekta i 2017.

#### Vurdering

Det er viktig både for regionen og Radøy kommune at dette samarbeidet held fram. Med Hordaland fylkeskommune som hovudansvarleg for dei to viktigaste prosjekta, Etablerarsenteret og Invest in Region Bergen, gir det grunn til å vera trygg på å tiltaka vert vidareførte på ein god måte.

Sjølv om Fylkeskommunen tek ansvar for å vidareføre nemnde ordningar, vil det bli eit spleiselag for å finansiera tenestene. Prisen vert kr 7 pr innbyggjar både for medlemskommunar og

Fylkeskommunen. Dette er kr 3 lågare enn det Radøy kommune fram til no har betalt til BRB via NUI.

Hordaland fylkeskommune vil nytta tidlegare BRB-prosjekt til å auka kapasitet, avlasta og styrka dei tiltaka som er operative i fylket i dag. Dette gjeld særleg det arbeidet som vert utført innan etablerarrettleiing og etablerarkurs. Gjennom satsinga på Kom-an.no tilbyr fylkeskommunen i dag kompetanseheving og møteplassar for etablererrettleiarar i kommunane. Vidare løyver fylkeskommunen midlar til ulike etablerarkurs i regionane, mellom anna i regi av Regionråda og næringshagane. Dette arbeidet skal fortsetja dei komande åra, men fylkeskommunen ser på det som ein styrke å sjå dette i samanheng med «Etablerersenteret» si verksemd.

Etablerersenteret skal tilby kursa sine ute i regionane, i samarbeid med dei etablerte aktørane, som til dømes Regionråda og næringshagane. Ressursane i Etablerersenteret vil òg kunne vere gode samarbeidspartnarar for kommunane i problemstillingar knytt til etablering.

«Invest in Region Bergen» ivaretar det nasjonale programmet til Innovasjon Norge «Invest in Norway» for Hordaland. Prosjektet skal tiltrekka seg nasjonale og internasjonale næringsetableringar til fylket, og vil vera kommunane sitt felles mottaksapparat for investeringsinteressentar. Prosjektet er framleis under utvikling, men har allereie hausta gode tilbakemeldingar frå Innovasjon Norge sentralt.

Begge prosjekta vil ha ei eiga styringsgruppe som representerer kommunane. Denne styringsgruppa vil ha ansvaret for dei driftsrelaterte oppgåvene for prosjektet.

Den strategiske utviklinga for dei to prosjekta vil verta tema på eit eller fleire av ordførarmøta som vert halde årleg. Kommunane vil slik ha gode moglegheiter for å utvikla og evaluera resultatata for dei to oppgåvene.

## **Konklusjon**

Etter rådmannen si vurdering bør Radøy kommune slutta seg til den framforhandla intensjonsavtalen. Det er viktig for kommunen med eit godt regionalt samarbeid på dette feltet. Ved å dra veksjar på den kompetansen vi har lokalt og den vi får tilgang på regionalt, står vi sterkare rusta i arbeidet med å marknadsføra kommunen og tiltrekka oss aktuelle etablerarar.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner intensjonsavtalen om vidareføring av tenester i Business Region Bergen. Radøy kommune betalar kr 7 pr innbyggjar i 2017 for dei to prosjekta Etablerarsenteret og Invest in Region Bergen. Det vert teke atterhald om at alle medlemskommunane og fylkeskommunen bidreg med same beløp pr innbyggjar.

Det vert utarbeidd ein eigen avtale som regulerer samarbeidet ytterlegare frå 2017.

## **Formannskapet i Radøy - 093/2016**

### **FS - handsaming:**

Formannskapet drøfta saka.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS - vedtak:**

Kommunestyret godkjenner intensjonsavtalen om vidareføring av tenester i Buisness Region Bergen.

Radøy kommune betalar kr 7 pr innbyggjar i 2017 for dei to prosjekta Etablerarsenteret og Invest in Region Bergen. Det vert teke atterhald om at alle medlemskommunane og fylkeskommunen bidreg med same beløp pr innbyggjar.

Det vert utarbeidd ein eigen avtale som regulerer samarbeidet ytterlegare frå 2017.

**Vedlegg:**

Intensjonsavtale om vidareføring om tenester frå BRB

Intensjonsavtale\_Hordaland\_fylkeskommune



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
094/2016	Formannskapet i Radøy	PS	09.11.2016
066/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	08.12.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	16/13867

## Suppleringsval til kontrollutvalet i Radøy

### Saksopplysingar:

Ane Ottesen har meldt frå om at ho har flytta og no er folkeregistrert i Bergen kommune. Etter § 15 i Kommuneleva kan ho difor ikkje lenger sitja som medlem i kontrollutvalet i Radøy, og det må gjerast suppleringsval til utvalet.

Kommuneleva legg føringar for at det ved suppleringsval må veljast eit nytt medlem frå den same gruppa som den som trer ut. For å innfri krav til kjønnsfordeling i kontrollutvalet, må det veljast ei kvinne i Ane Ottesen sin stad.

Ane Ottesen er også 2. varamedlem for Høgre i kommunestyret.

Formannskapet som valnemnd kjem med innstilling til kommunestyret.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### Formannskapet i Radøy - 094/2016

#### FS - handsaming:

*Kenneth Taule Murberg (H) sette fram følgjande framlegg til suppleringsval i Kontrollutvalet:*

Siv Beate Marøy (H) går inn som nytt medlem i Kontrollutvalet

Karolina Vakt skjold (H) går inn som 3. varamedlem i Kontrollutvalet etter Siv Beate Marøy.

Ane Ottesen er også 2. varamedlem til kommunestyret - og der blir det opprykk på Høgre si liste over varamedlemer.

Formannskapet som valnemnda vedtok samrøystes suppleringsval til Kontrollutvalet.

**FS - vedtak:**

Siv Beate Marøy (H) går inn som nytt medlem for Ane Ottesen i Kontrollutvalet

Karolina Vaktkjold (H) går inn som 3. varamedlem i Kontrollutvalet for Siv Beate Marøy

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
067/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	08.12.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1600	16/15198

### Førebuaude fellesnemnd - reglement arbeidsvilkår og godtgjersle

#### Saksopplysingar:

Reglementet har til føremål å sikra medlemmar av førebuaude fellesnemnd kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsforteneste og dekning av reelle utgifter i samband med utøving av dette vervet, jfr. Kommunelova §§41 og 42.

Reglementet gjeld fram til fellesnemnd etter Inndelingslova er oppretta.

Krav om møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og køyregodtgjersle må minimum sendast kvartalsvis. Dette for å få krava med i rett rekneskapsår.

#### Det er utarbeidd følgjande framlegg til reglement:

##### 1. Møtegodtgjersle

Medlemmar av førebuaude fellesnemnd har rett til godtgjersle for møta i nemnda med kr 600,- /750,- pr. møte. Ordførarar og varaordførarar som ikkje har krav på godtgjersle for verv i kommunale organ i eigen kommune har heller ikkje krav på godtgjersle i førebels fellesnemnd.

##### 2. Vederlag for tapt arbeidsinntekt

Medlemmar av førebels fellesnemnd har rett til å få utbetalt vederlag for tapt arbeidsinntekt når arbeidsgjevar har føreteke trekk i lønn, eller for utlegg til vikar. Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.

Sjølvstendig næringsdrivande får dekka tap i inntekt + sosiale utgifter av kompensert beløp, når tapet er dokumentert med oppgåva frå firma. Dette kjem i tillegg til vanleg møtegodtgjersle.

Arbeidsgjevar som ikkje trekkjer arbeidstakar i løn kan krevja brutto utgifter til løn frå kommunen. Tap og utlegg må kunne dokumenterast, og må stå i rimeleg høve til medgått møte- og reisetid. Tap i pårekna overtidsarbeid eller anna ekstraintekt blir ikkje erstatta.

Retten til vederlag for tapt arbeidsforteneste gjeld og rimeleg kviletid for skiftarbeid/turnusarbeid.

### *3. Telefonutgifter*

Det vert ikkje gitt dekning av telefonutgifter i samband med førebuande fellesnemnd.

### *4. Køyregodtgjersle*

Køyregodtgjersle blir utbetalt etter statens regulativ.

### *5. Godtgjersle til leiar og nestleiar*

Det vert ikkje gitt ei eiga godtgjersle for leiar og nestleiar av førebuande fellesnemnd.

### **I førebuande fellesnemnd vart det sett fram følgjande endringsframlegg:**

Reglement – arbeidskår og godtgjersle for medlemmar av førebuande fellesnemnd - vert vedteke slik det ligg føre som innstilling til kommunestyra.

Møtegodtgjersle kr. 1.000,- pr. møte.

Førebuande fellesnemnd vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet.

### **Førebuande fellesnemnd si innstilling til kommunestyret:**

Reglement – arbeidskår og godtgjersle for medlemmar av førebuande fellesnemnd - vert vedteke slik det ligg føre - med kr. 1.000,- i møtegodtgjersle.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
068/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	08.12.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1600	16/15192

### Førebuaude fellesnemnd for ny kommune - mandat

#### Saksopplysingar:

Førebuaude fellesnemnd for ny kommune skal arbeida utfrå eit mandat som er godkjend i kommunestyra i Lindås, Meland og Radøy. Førebuaude fellesnemnd har kome med si innstilling til kommunestyra om kva mandatet skal vera.

Mandatet gjeld til fellesnemnd etter Inndelingslova er oppretta.

Førebuaude fellesnemnd skal starta kommunesamanslåinga gjennom å:

- Setja i gang kartleggingsprosjekt som skal vera grunnlag for vidare arbeid.  
Døme: IKT, dokumenthandtering, arbeidsgjevarpolitikk, personalsystem.
- Godkjenna utkast til samla framdriftsplan for samanslåingsprosessen. Framdriftsplanen vert endeleg godkjent i lovforankra fellesnemnd.
- Godkjenna utkast til budsjett for fellesnemnda si verksemd frå 2017 til og med 2019.
- Godkjenna utkast til prosjektorganisering.
- Førebels fellesnemnd skal engasjere prosjektleiar- og kommunikasjonsressurs for arbeidet fram til lovforankra fellesnemnd er etablert.
- Førebels fellesnemnd skal sjå til at reglar og avtalar om tilsette og tillitsvalde sin medverknad i tilhøve som gjeld samanslåing av kommunane vert ivareteke.
- Medlemmene i førebels fellesnemnd er arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval for samanslåingsprosessen.
- Førebels fellesnemnd skal etterspørje og avklare alle prinsipielle tilhøve som gjeld

samanslåingsprosessen.

· Førebels fellesnemnd kan uttale seg i saker som er til handsaming i kommunane sine ordinære utval og som fellesnemnda meiner kan ha konsekvensar for samanslåingsprosessen.

· Førebels fellesnemnd har eit spesielt ansvar for å vurdera saker med økonomiske konsekvensar og vurdera kommunane sine økonomiplanar for budsjettåret 2020 som vert vedtekne i desember 2016.

· Førebels fellesnemnd skal søkja å oppnå konsensus i alle avgjerder.

· Prosessen for tilsetjing av prosjektleiar - inkludert korleis tillitsvalde skal inkluderast på ein god måte, skal handsamast av partssamansett utval. Utvalet skal handsama saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Utvalet skal gi uttale i saker som gjeld overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med kommunesamanslåinga.

#### **Førebuande fellesnemnd si innstilling til kommunestyret:**

Mandatet til førebuande fellesnemnd vert vedteke slik det ligg føre.

Førebuande fellesnemnd kan setja ned politiske arbeidsgrupper ved behov.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
107/2016	Formannskapet i Radøy	PS	24.11.2016
069/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	08.12.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Rolf Raknes	16/162	16/14119

### Plansak 12602016000100 Kommunedelplan for Bøvågen - Endeleg godkjenning av planprogram

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Etter vedtak i Radøy kommunestyre 03.03.2016 i sak 015/2016 vart det 14.04.2016 kunngjort oppstart for kommunedelplan for Bøvågen. Samstundes vart det kunngjort offentleg ettersyn og høyring for framlegg til planprogram. Frist for uttale/merknad til planprogram vart sett til 01.06.2016.

Følgjande kom med merknad til planprogrammet:

Fiskeridirektorartet  
Hordaland fylkeskommune  
Fylkesmannen i Hordaland  
Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsselskap ( NGIR)  
Radøy sokn  
Statens vegevesen

#### Vurdering

##### 1. Fiskeridirektoratet sitt innspel

*Vi kan ikkje sjå at arbeid med kommunedelplan for Bøvågen kjem i berøring med vesentlige fiskeriinteresser, etablert akvakulturverksemd eller kjente registreringar av marint biologisk mangfald i sjøområda innafor det skisserte planområdet.*

*Det er etablert fiskemottak og fiskeforedling på industriområdet i Bøvågen som det må takast omsyn til.*

## **Rådmannen sin kommentar:**

Dette vert teke til vitande. Fiskeindustrien i Bøvågen skal verte teke omsyn til.

## **2. Hordaland Fylkeskommune sitt innspel**

*Det er positivt at kommunen ønskjer å sjå på den samla arealbruken i området, og utarbeide ein heilskapleg plan som i best mogleg grad ivaretek dei samla interessene i og knytt til tettstaden.*

*Det er krav om KU, og KU skal tilpassast plannivået og vere relevant for dei avgjersler som skal takast (jf. KU forskrifta for planar § 7). Under «utgreiingsbehov» kjem det ikkje klart frem at kommunen vil gjennomføre konsekvensutgreiing.*

*Med hensiktsmessig lokalisering og tilrettelagt infrastruktur kan fleire reiser i tettstaden, til dømes til butikk eller skule/barnehage, takast til fots eller på sykkel. Dette er positivt både i eit folkehelseperspektiv, trafikktryggleiksperspektiv og attraktiv tettstadperspektiv.*

*Sentrum skal ha god balanse mellom handel, private og offentlege tenester, kulturtilbod og bustader.*

*Sentrumsområdet skal vere tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne.*

*Sentrumsutvikling skal byggje på stadens historie, særpreg og landskapstrekk.*

*Sentrum skal ha høg arkitektonisk kvalitet og inkluderande møteplassar.*

*Sentrum skal ha gode parkar, leikeplassar og allment tilgjengeleg areal for fysisk aktivitet.*

*Vi oppmodar kommunen til å sjå på den forventede demografiske utviklinga i kommunen som heilheit i den vidare planprosess for KDP for Bø og andre planprosessar i kommunen som gjensidig vil kunne påverke kvarandre.*

*Retningsline for arealbruk §2.3 lyder : «Sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller reguleringsplan for sentrum». Fylkeskommunen ber om at dette vert gjort som ein del av det vidare planarbeidet med kommunedelplanen.*

*Vi kan ikkje sjå at handel er omtalt i planprogrammet.*

*Bøvågen kategorisert som «strandsone med sjø og vassdrag» og gitt verdikategori svært viktig. Det er særdeles viktig at dette vert ihensyntatt i det vidare planarbeidet.*

*Den nettbaserte kartløyisinga [kart.ivist.no](http://kart.ivist.no) har kartlag for landskapstypar med kategorisering av landskapsverdiar.*

*Kommunen må vurdere kva som trengst for at sykling mellom Bøvågen og kommunesenteret Manger kan bli eit attraktivt alternativ til bil.*

*På lengre strekningar vil privatbil framleis vere eit viktig alternativ. Ladepunkt for elbilar er*



etablert fleire stader i Radøy kommune, men ikkje i Bøvågen. Utbygging av ladepunkt ved offentlege og private arbeidsplassar, idrettsanlegg og serviceanlegg bør prioriterast.

Åtvarer om fare for akutte hendingar som ekstremnedbør og generelt større nedbørmengder. Auka overvatn vil stille andre krav til utbyggingsmønster, byggeskikk og utforming av uteareal.

Frå 2020 vert det forbod mot bruk av fossil olje til oppvarming av bygg. Nye bustader må planleggjast med lågast mogleg oppvarmingsbehov, jf. nye krav i TEK15. Store frittliggjande bustader er mest energikrevjande. Ein meir tett-låg bustadform kan høve i ei bygd som Bøvågen.

Det er positivt at kommunen vil utgreie funksjonell strandsone som vil verte lagt til grunn i det vidare planarbeidet.

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Planar på offentlig høyring, som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon om kulturminne, kan verte returnert.

I utgreiinga bør kulturminne utredast som eit eget tema. I utgreiinga må eventuelle kulturminne skildrast, og konfliktgraden mellom tiltaksområde og kulturminne, både automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid, avklarast.

Det er fleire kjende automatisk freda kulturminne i planområdet, både på land og i sjø. Dette gjeld mellom anna mellomalderkyrkjegarden ved Hordabø kyrkje, Askeladden ID 84630-2, steinalderbuplass ID 149416 og skipsfunn ID 102426. Området har høg potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne både på land og i sjø.

Vi ber om at det vert utarbeidd eit eige dokumentasjonsvedlegg om kulturminne som bør følgje saka vidare, der kulturminna vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/bygningsmiljø, men og eventuelle steingardar, gamle ferdslavegar og vegmerke, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m. Dokumentasjonen bør gjerast gjennom foto, tekst og kartfesting.

**Bergens Sjøfartsmuseum oppmodar Radøy kommune om følgjande:**

Å sørge for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har en klausul i kommunedelplanens forskrifter om at de skal utredast med regulerings- eller byggeplan, og dermed lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen.

Å sørge for at kommunedelplanens føresegn har eit påbod om at alle planlagde enkelttiltak som skal utførast i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen.»

I tillegg til dei nemnde tema, ber fylkeskommunen om at følgjande tema vert vektlagt i det vidare planarbeidet:

Næringsutvikling  
Ros  
Folkehelse  
Naturmangfald  
Universell utforming

### Oppsummering

Hensikta med planarbeidet er å legge til rette for vidare utvikling av Bø som tettsted. Dette inneber å legge til rette for nye utbyggingsområde og ei revitalisering av sentrumsområdet i Bøvågen. Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og fokus på sentrums- og tettstadsutvikling vil verte sentralt i det vidare planarbeidet.

Å planlegge heilskapleg for både bustad, næring, handel og andre tenestetilbod vil styrke tettstaden. Med hensiktsmessig lokalisering og tilrettelagt infrastruktur kan fleire reiser i tettstaden takast til fots eller på sykkel. Dette er positivt både i eit folkehelseperspektiv, trafikktryggleiksperspektiv og attraktiv tettstadperspektiv. Vi oppmodar kommunen til å sjå på den forventa demografiske utviklinga i kommunen som heilheit, både i den vidare planprosess for KDP for Bø og for andre planprosessar i kommunen som gjensidig vil kunne påverke kvarandre.

Fylkeskommunen ber om at det vert fastsett sentrumsutstrekning i Bøvågen som ein del av det vidare planarbeidet med kommunedelplanen, jf. regional plan for attraktive senter i Hordaland.

Under «utgreiingsbehov» kjem det ikkje klart frem at kommunen vil gjennomføre konsekvensutgreiing. Fylkeskommunen minner om at som arealretta kommunedelplan er det krav om KU, og KU skal tilpassast plannivået og vere relevant for dei avgjersler som skal takast (jf. KU forskrifta for planar § 7).

Det er fleire kjende automatisk freda kulturminne i planområdet, både på land og i sjø. Området har høg potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne både på land og i sjø. Vi ber om at det vert utarbeidd eit eige dokumentasjonsvedlegg om kulturminne som bør følgje saka vidare, der kulturminna vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til.

Hordaland fylkeskommune er svært nøgd med at Radøy kommune arbeider med kulturminneplan, og vi gjer merksam på at denne kulturminneregistreringa kan inngå i det pågåande arbeidet med kulturminneplanen.

Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommunedelplanen sitt areal. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdel før § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.

Ved utforminga av planområdet for Bøvågen må det takast særleg omsyn til Hordabø kyrkjestad med middelalderkyrkjegard. Byggehøgder, tetthet i utbygginga og utbyggingas avstand til kyrkje må planleggast med tanke på bevaring av kyrkjestaden sin verdi som kulturminne. Radøy og Bøvågen er eit prioritert område for marinarkeologi for Bergens Sjøfartsmuseum med fleire gamle hamne og ankringsstader, kremmarsted tilknytt fiskeri samt kjente forlis og munnlege forliskildringar.

### **Rådmannen sin kommentar :**

KU vert å omtale i planprogrammet og at den skal tilpassast plannivået og vere relevant for dei

avgjersler som skal takast (jf. KU forskrifta for planar § 7).

Den demografiske utviklinga i kommunen som heilheit skal omtalast i planprogrammet for å ivareta omsynet til KDP for Bø i høve til andre planprosessar i kommunen som vil kunne påverke kvarandre.

Tema sentrumsutstrekning vert å ta inn i planprogrammet.

Tema handel skal omtalast i planprogrammet.

Type utbygging skal drøftast i planprogrammet. Tett låg utbygging til dømes.

Utgreiing av kulturminner skal omtalast i planprogrammet. Desse tema vert å ta inn i planprogrammet:

Næringsutvikling

Ros

Folkehelse

Naturmangfald

Universell utforming

### 3. Fylkesmannen i Hordaland

*Fylkesmannen er positiv til at kommunen ryddar i eldre planar. Vi legg til grunn at statlege interesser vert tekne omsyn til i prosessen.*

Desse RPR skal nyttast:

*Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging*

*Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen.*

*Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunen*

*Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging*

*Det er uklart for Fylkesmannen om ein skal vidareføre arbeidet med områdeplanen for Bø-vågen eller om det er ei ny utarbeiding av ein kommunedelplan.*

*Fylkesmannen meiner det stiller store krav til føresegnene om ein skal opna for direkte utbygging etter kommunedelplanen.*

*Utbygging bør så langt råd lokaliserast til område som er utbygde frå før, slik at ein unngår bygging i urørde område med spesielle kvalitetar.*

*Eventuell utbygging skal vurderast når det gjeld andre allmenne interesser. Ein bør ikkje opna for utbygging i område som har spesiell verdi for friluftsliv og allmenn ferdsel, natur-kvalitetar, naturmangfald, kulturminner, kulturmiljø og landskap. Forholdet til andre inter-esser som fiske, landbruk, oppdrett m.m. må vurderast. Om ein opnar for utbygging, må om-synet til andre interesser ivaretakast best mogleg.*

*Det er viktig at tilgjenge til strandsona vert sikra også i naustområda. Det bør satsast på felles-tiltak i sjø framfor å spreie utbygginga i strandsona.*

## *Krav om utarbeiding av ROS-analyse*

*Nye utbyggingsområde bør styrast mot sentrumsnære område med høve til utbygging med mindre arealkonfliktar. Utvikling av nye, større bustadområde må sjåast i samanheng med be-hovet for infrastruktur.*

*I område med lite utbyggingspress, og der lokale styresmakter vurderer det som nødvendig for å auka attraktiviteten for busetting, kan det planleggast for eit meir differensiert busett-ingsmønster.*

*Planlegginga skal bidra til å styrka sykkel og gange som transportform.*

*Fylkesmannen rettar særleg merksemd på bustad, integrering og mangfald, og oppfordrar kommunane til å busette fleire flyktingar, ved gjennomgang av kommunale planar.*

*Fylkesmannen gjer merksam på at mål for omdisponering av dyrka mark er skjerpa. I Nasjonal jordvernstrategi Prop. 127 S (2014-2015) og Innst. 56 S (2015-2016) - vedlegg 4) står det mellom anna at vern av jordressursane er ein føresetnad for å nå målsetjingar om mat-tryggleik og auka matproduksjon.*

*Retningslinje T-1442/2012 for behandling av støy i arealplanlegging skal leggast til grunn av kommunane i si planlegging.*

*For å sikra god framdrift i planprosessane stiller Fylkesmannen gjerne på møter saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.*

### **Rådmannen sin kommentar:**

Det vert teke til vitande at fylkesmannen er positiv til opprydding i eldre reguleringsplanar.

Det vert klargjort i planprogrammet at dette er ein heilt ny plan. Men det skal og nemnast at gjenbruk av kunnskap funne i prosess områderegulering skal kunna brukast i planarbeidet.

Det vert å ta inn i programmet at prioritet for utbygging skal vera i område som er utbygde frå før, og at tilgong til sjø bør vera i fellesområde.

Dei skjerpa krava i høve til jordvern vert å omtala i programmet.

Tema støy vert å omtale i samband med dei tema som er omtala av fylkeskommunen.

## 4. NGIR

*Må ha tilstrekkeleg areal for hentestad*

*Hentestad bør ligga plant og ikkje vera til hinder for anna aktivitet.*

*Renovasjonsbil bør kunna snu eller kjøra gjennom.*

### **Rådmannen sin kommentar:**

Dette er teke til vitande. Vil verte teke omsyn til i planframlegg.

## 5. Radøy sokn

*Parkeringstilhøva ved Hordabø kyrkje er ikkje optimale. Når det er mykje folk i kyrkja, på konsertar og i ein del gravferder, er parkeringsplassen for liten. Dei som skal til kyrkja parkerer langs vegen og på P-plassen til butikken. Dette er lite tilfredstillande for alle involverte.*

*I framlegg til 1.gongs høyring og offentleg ettersyn har Radøy kommune lagt inn nytt parkeringsareal sør for kyrkja på vestsida av fylkesvegen.*

*Vi vil derfor kome med merknad til plassering av planlagt parkeringsareal og ber om at det vert lagt på offentleg grunn mellom fylkesvegen og Bøtjørna.*

### **Rådmannen sin kommentar:**

Her er det litt samanblanding av høyring på områdereguleringa og oppstart av kommunedelplan. Men rådmannen tek til vitande at parkering for kyrkja er ei utfordring. Vurdering av infrastruktur og parkering vil vera tema i planlegginga.

## 6. Statens vegvesen

*Statens vegvesen meiner det er positivt at Radøy kommune utarbeider ein kommunedelplan for ei overordna utvikling av Bøvågen, og at ein legg vekt på å rydde opp i gamle og ofte utdaterte reguleringsplanar.*

*Det kjem vidare fram at «Trafikk og transport vil inngå som utgreiingstema».  
Det er ikkje sagt noko om metode for utgreiingane.*

*Det kjem ikkje fram kor mange nye bustader planen legg til rette for, eller om det er nye tiltak som fører til endra tilkomst eller auka trafikk i området.*

*I det vidare planarbeidet vil Statens vegvesen ha fokus på tilhøvet til mjuke trafikantar, utforming av kryss og avkjørslar, byggegrensar mot veg og universell utforming. Planarbeidet må sikre nok areal langs fylkesvegen til at ein både kan utbetre vegen og legge til rette for gang / sykkelveg. Vi meiner at det bør leggjast til rette for eit tilbod til mjuke trafikantar på begge sider av fylkesvegen.*

*For meir utfyllande tilbakemelding syner vi til vår fråsegn til «Områdeplan for Bøvågen» datert 30. september 2013*

### **Rådmannen sin kommentar:**

Det vert å ta inn litt om metode for utgreiing av tema infrastruktur, trafikk og transport i planprogrammet.

Rådmannen tek til vitande at det i arbeidet med planframlegg må settjast av nok areal til utbetring av veg og utviding av veg, samt plass til gang/sykkelveg.

## **Konklusjon**

Merknadene til oppstart og planprogram er gjennomgått og kommentert. Det klargjort at utarbeiding av kommunedelplan for Bøvågen er ein ny planprosess. Det er også klargjort at kunnskapsgrunnlaget frå arbeidet med den avslutta områdeplanlegginga skal nyttast vidare i dette planarbeidet.

Planprogrammet er revidert med omsyn til merknadene. Det er særleg gjort utvidingar i høve til kapittelet som handlar om avgrensingar. I tråd med merknadene er det lagt inn fleire utgeingstema og noko meir informasjon om metodikk og tematikk.

Her ei kort oppsummering av endringspunkta:

KU er no omtala i planprogrammet

Den demografiske utviklinga i kommunen er nemnd.  
Dei skjerpaste krava i høve til jordvern er omtala i programmet.

### Utgeingstema som no er med i planprogrammet:

Infrastruktur, trafikk og transport

Støy

Sentrumsutstrekning,

Handel

Utbygging

Kulturminner

Næringsutvikling

Ros

Folkehelse

Naturmangfald

Universell utforming

Rådmannen konkluderer med at revidert planprogram er eit godt styringsdokument for den vidare planlegginga.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommunestyre godkjenner planprogram for kommunedelplan Bøvågen (arealplanid 12602016000100) revidert 11.11.2016.

Vedtaket har heimel i Plan og Bygningslova § 11 - 13

### **Formannskapet i Radøy - 107/2016**

#### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Radøy kommunestyre godkjenner planprogram for kommunedelplan Bøvågen (arealplanid 12602016000100) revidert 11.11.2016.

Vedtaket har heimel i Plan og Bygningslova § 11 - 13.

**Vedlegg:**

Revidert\_Planprogram 11\_2016

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
108/2016	Formannskapet i Radøy	PS	24.11.2016
070/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	08.12.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	16/2070	16/14588

## Politisk reglement 2016

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Kommunelova 39 nr. 1 bestemmer at det er kommunestyret som vedtek reglement forsakshandsaminga i folkevalde organ. Etter Kommunelova § 39 nr. 2 skal kommunestyret innan 31. desember året etter at kommunestyret vart konstituert, gjera vedtak om reglement for delegasjon av avgjerdsmyndigheit og for innstillingsrett.

Sist vedteke reglement gjeld inntil nytt reglement er vedteke. Gjeldande politisk reglement er frå januar 2013.

Kommunelova § 40 nr. 5 pålegg alle kommunar å vedta eit slikt reglement om folkevalde sin innsynsrett. I forslag til politisk reglement er det derfor sett inn nytt reglement om kommunestyret og andre folkevalde organ sin rett til innsyn i saksdokument. Reglementet byggjer på rettleiande normalreglement utarbeidd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Det er dessutan sett inn oversikt over politisk styringsstruktur og plass til reglement for byggenemnda. Når det gjeld byggenemnda er det trong for gjennomgang av reglementet og rådmannen kjem tilbake til dette i eiga sak. Reglementet vil etter politisk handsaming bli sett inn i det politiske reglementet.

I reglement for kommunestyret er det foreslått nokre endringar knytt til spørjetimen. Erfaringar har vist at ein halv time er rikeleg med tid til spørjetimen. Ved å setja som hovudregel at spørjetimen skal vara ein halv time, vil det letta planlegging av tidsdisponeringa for gjennomføring av kommunestyret. Samtidig opnast det opp for at spørjetimen kan vara lengre dersom det føreligg forhold som tilseier dette. Det er sett opp ein frist for at alle spørsmål skal vera avklara med ordførar seks timar før møtet. Dette for å kunna vita kva som skal bli tatt opp frå talarstolen i kommunestyret og for så godt som mogleg å kunna førebu svar. Det er viktig å merka seg atkommunestyret sine medlemmar ikkje er bunde av ein slik frist, då alle medlemmar vil kunna retta førespurnader i møtet, sjå § 20 i reglementet.

I dokumentet for øvrig er det gjort nokre få justeringar. Blant anna er det tatt vekk noko unødig tekst,



men utan at dette har innhaldsmessige endringar.

Rådmannen har motteke få politiske signal på ønska endringar av delegert mynde i gjeldande reglement. Det er kome eit politisk innspel som er innarbeidd i delegering til hovudutvalet.

### **Vurdering**

Kommunestyret skal vedta politisk reglement innan året etter kommunestyreval. Utkast til reglement er i stor grad ei vidareføring av gjeldande reglement, men med nokre tilføyingar og mindre språklege endringar. Utkast til reglement vurderast som godt eigna til å vera styrande dokument for sakshandsaming og delegert mynde.

### **Konklusjon**

Framlegg til politisk reglement leggest fram for politisk drøfting og vedtak

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til politisk reglement med delegering til politiske organ og med delegering av mynde til rådmannen, vert godkjent slik det ligg føre.

### **Formannskapet i Radøy - 108/2016**

#### **FS - handsaming:**

Rådmann Jarle Landås orienterte om framlegg til endringar i politisk reglement, mellom anna knytt til teieplikt og kommunestyret sin innsynsrett.

Rådmannen har i forslag til reglement for kommunestyret gjort framlegg om endringar i ordninga med spørjetimen. Ved å setja som hovudregel at spørjetimen skal vara ein halv time, vil det letta planlegging av tidsdisponeringa for gjennomføring av kommunestyret. Samtidig opnast det opp for at spørjetimen kan vara lengre dersom det føreligg forhold som tilseier dette. Det er sett opp ein frist for at alle spørsmål skal vera avklara med ordførar seks timar før møtet. Dette for å kunna vita kva som skal bli tatt opp frå talarstolen i kommunestyret og for så godt som mogleg å kunna førebu svar. Rådmannen peika på at kommunestyret sine medlemmar ikkje er bunde av ein slik frist, då alle medlemmar vil kunna retta førespurnader i møtet (§ 20 i reglementet).

"Jordlovssaker med særleg fokus på saker som kan gje negativt utfall" er eit nytt punkt knytt til hovudutval for plan, landbruk og teknisk sin delegerte mynde i saker av prinsippell verde.

I det reviderte politiske reglementet er det også gjort ein del tekstlege innstramingar samanlikna med det som har vore gjeldande reglement fram til no.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Framlegg til politisk reglement med delegering til politiske organ og med delegering av mynde til rådmannen, vert godkjent slik det ligg føre.

#### **Vedlegg:**

POLITISK REGLEMENT og delegering 2016 utkast (107071)

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
097/2016	Formannskapet i Radøy	PS	09.11.2016
071/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	08.12.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	16/837	16/13837

### Søknad om kommunal garanti for lån - Aufera AS

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

I sak 027/2016 gjorde kommunestyret vedtak om kommunal garanti for lån i Kommunalbanken til Aufera AS, kr 2 mill. Garantien er også godkjent av Fylkesmannen i Hordaland.

Det syner seg no at denne garantien ikkje er i samsvar med dei krava Kommunalbanken stiller i slike tilfelle. Garantitida må strekkja seg 2 år utover løpetida, og garantisummen må vera 10% høgare enn lånebeløpet. Lånesøknaden er avvist av Kommunalbanken, fordi garantien ikkje er i samsvar med desse krava.

Rådmannen syner til utgreiing i sak 027/2016, og legg til grunn at kommunestyret vil godkjenne dei utvida krava.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til refinansiering.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 2.000.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av moglege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 2.200.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 20 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

## **Formannskapet i Radøy - 097/2016**

### **FS - handsaming:**

Som medlem i styret i Aufera AS sa Vidar Grindheim (H) seg inhabil i denne saka. Formannskapet kjende Grindheim inhabil og han deltok ikkje i handsaminga av saka.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **FS - vedtak:**

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til refinansiering.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 2.000.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av moglege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 2.200.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 20 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
104/2016	Formannskapet i Radøy	PS	24.11.2016
072/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	08.12.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	15/1065	16/14506

### Budsjettregulering november 2016

#### Saksopplysingar:

I løpet av driftsåret 2016, har det skjedd ein del endringar av føresetnadene for budsjettvedtaket, og det er trong for å regulera budsjettet, slik at det i størst mogeleg grad samsvar med faktisk drift. Rådmannen viser også til tertialmelding pr 31.08.2016.

Som tidlegare meldt, vert **pensjonskostnaden** om lag 1,2 mill lågare enn budsjettert. Denne reduksjonen vert fullt ut ført som eit premieavvik, under skjema 1B, Drift og forvaltning.

Motteke **aksjeutbytte** i 2016 var kr 360.000 høgare enn budsjettert, og budsjettet på justerast iht faktisk beløp. Meirinntekta går fram av skjema 1A, renteinntekter og utbytte.

Innan oppvekst har det kome fleire nye tiltak som krev auka rammer. Innan barnehage er det trong for eit individuelt særskild spesialpedagogisk tiltak som vil kosta om lag kr 800.000 i 2016. Etablering av ny privat familiebarnehage løyser ut krav om tilskot kr 556.000 frå hausten 2016, basert på 8 born. Tilskotet er rekna etter staten sine satsar for slike barnehagar.

Grunna auka etterspurnad etter barnehageplassar, har det også vore nødvendig å etablere ei ny barnehageavdeling ved Prestmarka barnehage. Netto meirkostnader i 2016 er estimert til ca 790.000.

For oppvekst gir det trong for ekstra løyving på kr 2.143.000 i 2016.

Talet på innleigde bustader for vidare utleige har auka mykje, og alle inntekter og kostander knytt til desse bustadene vert no ført på NAV, under Helse og omsorg. Tidlegare har ein del av desse inntektene vore førde under Drift og forvaltning, men det er langt meir tenleg å samla alt på ein stad. Det er såleis trong for å justera inntekter og utgifter på begge desse områda. I teorien skulle desse endringane gått i null. Men vi ser at det blir eit visst tap av inntekter fordi slike bustader kan bli ståande tomme i kortare periodar, men påfølgjande bortfall av leigeinntekt. Rådmannen arbeider for å balansera inntekter og kostnader knytt til slike husvære, men i 2016 blir det eit netto avvik på ca kr 66.000. På Helse og sosial fører dette til netto auke av driftsramma på kr 256.000, medan det på Drift og forvaltning blir ein reduksjon av ramma på kr 190.000.

Ved **barnevernet** var det budsjettert ordinær drift og ingen nye plasseringar i 2016. Det er no gjort vedtak om plassering i statleg institusjon, og det er sett i verk fleire forsterkingstiltak. Barnevernet har også hatt trong for å henta inn juridisk bistand. Samla sett er det trong for å løyva ytterlegare kr 605.000 til barnevernet.

I **rådmannsstaben** vert det ein meirkostnad på om lag kr 212.000 knytt til overlapping i stillingar hausten 2016. Dette er ein eingongskostnad, som ikkje blir vidareført til seinare år.

Netto verknad av tiltaka ovanfor er kr 1.466.000. Rådmannen går inn for å dekkja dette gjennom inndraging av rest på innsparingar som tidlegare er gjennomført innan helse og omsorg.

Ved NAV er det utbetalt langt meir enn budsjettert som stønad til livsopphald. Rådmannen finn det likevel ikkje rett å be om ytterlegare løyving til slik stønad i 2016, men vil sjå samla på auka kostnader ved NAV og auke i ulike tilskot for nye flyktingar, asylmottak mv.

### **Investering**

Dei fleste investeringsprosjekta vil verta gjennomførde etter plan, men det er likevel trong for å justera løyvingane til nokre prosjekt.

Prosjekt 3210007 nye sjukeheimplassar vert ikkje starta opp i år, og rådmannen ber om at løyvde midlar kr 500.000,- i 2016 vert trekte attende.

Prosjekt 6210007 Basseng Haukåsen vert heller ikkje starta opp i år, m.a. fordi det har kome innspel om at sikring av vassforsyninga kan sjåast i samanheng med framføring av ny riksveg. Rådmannen ber difor om at løyving kr 2,1 mill i 2016 vert trekt attende.

Prosjekt 6310006 Sanering Mangersvågen må sjaast i samanheng med lokalisering av nytt reinseanlegg. Rådmannen ber om at løyving kr 2.2 mill vert trekt attende i 2016.

Prosjekt 6700101 nærmiljøtiltak Bø er lagt på vent som følgje av pågåande arbeid med kommunedelplan Bø og arbeid med ny barnehage. Rådmannen ber om at løyving kr 3 mill vert trekt attende i 2016.

Prosjekt 6000102, oppgradering fasade teknisk stasjon har avdekka trong for større asbestsanering enn føresett, meirkostnad ca 50.000. Rådmannen går inn for å redusera prosjekt 1920001 Mindre investeringar med tilsvarande sum.

Prosjekt 6730001, oppgradering av Straume kai er eit spleiselag med grunneigarande på Straume. Ved innhenting av anbod, vart prosjektet kr 175.000 dyrare enn føresett. Vidare vil kommune berre få mva-kompensasjon for deler av investeringa, og meirkostnaden kan bli kr 250.000 til dette prosjektet. Rådmannen går inn for å redusera prosjekt 1920001 Mindre investeringar med tilsvarande sum.

Samla gir dette ei redusert investeringsramme på kr 7.800.000 i 2016, noko som fører tilsvarande redusert bruk av lånemidlar i 2017. Dette skal overførast som unyttta lånemidlar til 2017.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

## Budsjett 2016 vert regulering i samsvar med forenkla skjema 1A, 1B og 2B nedanfor

Ramme for drifta (skjema 1a)	Budsjett 2016 regulert	Budsjett- regulering	Regulert 2016
Skatt på inntekt og formue	111 386 000		111 386 000
Rammetilskot	159 315 000		159 315 000
Eigedomsskatt	12 331 000		12 331 000
Generelle statstilskot	11 044 000		11 044 000
Renteinntekter og utbytte	3 907 000	360 000	4 267 000
Renteutgifter	5 557 000		5 557 000
Avdragsutgifter	8 200 000		8 200 000
<b>Sum frie inntekter før fondsbruk</b>	<b>284 226 000</b>	<b>360 000</b>	<b>284 586 000</b>
<b>Drift (skjema 1b)</b>			
Stab og fellestenester	18 119 849	-988 000	17 131 849
Oppvekst	108 049 821	2 143 000	110 192 821
Helse og omsorg	126 326 318	-605 000	125 721 318
Drift og forvaltning	28 226 868	-190 000	28 036 868
<b>Sum drift</b>	<b>280 722 856</b>	<b>360 000</b>	<b>281 082 856</b>
<b>Netto</b>	<b>3 503 144</b>	-	<b>3 503 144</b>

Forenkla skjema 2B - investering	Budsjett 2016 regulert	Budsjett- regulering	Regulert 2016
3210007 Nye sjukeheimplassar	500 000	-500 000	-
6000102 Oppgradering fasade tekn stasjon	500 000	50 000	550 000
6210007 Basseng haukåsen	2 100 000	-2 100 000	-
6310006 Sanering Mangersvågen	2 200 000	-2 200 000	-
6700101 Nærmiljøtiltak Bø	3 000 000	-3 000 000	-
6730001 Straume kai oppgradering	300 000	250 000	550 000
1920001 Mindre investeringar	2 000 000	-300 000	1 700 000
Øvrige prosjekt	29 621 125	-	29 621 125
<b>Sum</b>	<b>40 221 125</b>	<b>-7 800 000</b>	<b>32 421 125</b>

### Formannskapet i Radøy - 104/2016

#### FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### FS - vedtak:

### Budsjett 2016 vert regulering i samsvar med forenkla skjema 1A, 1B og 2B nedanfor

Ramme for drifta (skjema 1a)	Budsjett 2016 regulert	Budsjett- regulering	Regulert 2016
Skatt på inntekt og formue	111 386 000		111 386 000
Rammetilskot	159 315 000		159 315 000
Eigedomsskatt	12 331 000		12 331 000

Generelle statstilskot	11 044 000		11 044 000
Renteinntekter og utbytte	3 907 000	360 000	4 267 000
Renteutgifter	5 557 000		5 557 000
Avdragsutgifter	8 200 000		8 200 000
<b>Sum frie inntekter før fondsbruk</b>	<b>284 226 000</b>	<b>360 000</b>	<b>284 586 000</b>

#### Drift (skjema 1b)

Stab og fellestenester	18 119 849	-988 000	17 131 849
Oppvekst	108 049 821	2 143 000	110 192 821
Helse og omsorg	126 326 318	-605 000	125 721 318
Drift og forvaltning	28 226 868	-190 000	28 036 868
<b>Sum drift</b>	<b>280 722 856</b>	<b>360 000</b>	<b>281 082 856</b>

<b>Netto</b>	<b>3 503 144</b>	-	<b>3 503 144</b>
--------------	------------------	---	------------------

Forenkla skjema 2B - investering	Budsjett 2016 regulert	Budsjett-regulering	Regulert 2016
3210007 Nye sjukeheimsplassar	500 000	-500 000	-
6000102 Oppgradering fasade tekn stasjon	500 000	50 000	550 000
6210007 Basseng haukåsen	2 100 000	-2 100 000	-
6310006 Sanering Mangersvågen	2 200 000	-2 200 000	-
6700101 Nærmiljøtiltak Bø	3 000 000	-3 000 000	-
6730001 Straume kai oppgradering	300 000	250 000	550 000
1920001 Mindre investeringar	2 000 000	-300 000	1 700 000
Øvrige prosjekt	29 621 125	-	29 621 125
<b>Sum</b>	<b>40 221 125</b>	<b>-7 800 000</b>	<b>32 421 125</b>

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
096/2016	Formannskapet i Radøy	PS	09.11.2016
073/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	08.12.2016
106/2016	Formannskapet i Radøy	PS	24.11.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	16/1186	16/13819

## Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-20

### Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram budsjettdokumentet for 2017 og økonomiplan for 2017 – 20 for politisk handsaming. Budsjettdokumentet inneheld informasjon om skatteøyre, låneopptak og gebyrsatsar som trengst i høve til kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2017.

Rådmannen legg til grunn at det samla dokumentet vert vedteke, med moglege tilleggspunkt eller endringar som måtte koma av den politiske handsaminga.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017 – 20 vert vedteke slik det ligg føre.

### Formannskapet i Radøy - 096/2016

#### FS - handsaming:

Rådmann Jarle Landås peika på at kommuneøkonomien framleis er svært stram i Radøy og at det er nødvendig med tett kostnadskontroll for å koma i hamn med 2017-budsjettet. Det positive er at det ikkje er eit budsjett som legg opp til kutt i kommunale tenester.

Økonomisjef Sveinung Kvamme gav ein grundig presentasjon av viktige punkt i budsjettframlegget for neste år. Han konstaterte at netto driftsresultat er svakt, berre 0,32% av samla driftsinntekter. Bruk av fond gjer at mindreforbruket blir 3,5 mill, eller 0,92%. Utan ekstra tilskot knytt til samanslåinga, hadde mindreforbruket vore tilnærma null, og netto driftsresultat hadde vore negativt med ca 2 millionar kroner.

Rammetilskot og skatt aukar ifølgje Finansdepartementet med 1,9% samanlikna med 2016. Pris- og lønsveksten er i statsbudsjettet anslått til 2,5%. Omlegginga av inntektssystemet er fører såleis til reduserte overføringar til Radøy kommune. Dette skuldast i all hovudsak omlegginga av



basistilskotet.

Drifta i 2017 skal i utgangspunktet vera ei vidareføring av drifta hausten 2016.

Økonomisjefen peika på at det er lagt inn ein betydeleg vekst i ramma til oppvekstsektoren. Auka kostnader til barnehage, inklusiv ny avdeling ved Prestmarka barnehage er på ca 1,7 mill. og til ny privat familiebarnehage er det sett av 1,1 mill. i budsjettforslaget.

Det er sett av auke i driftskostnader ved alle skular, unnateke Radøy ungdomsskule.

I helse og omsorg er det også den økonomiske ramma auka noko. Mellom anna er det større behov for støtte til livsopphald, det skal tilsetjast ruskoordinator knytt til Psykisk helse, og det blir løyvd 500.000 kroner til utvikling og investering i omsorgsteknologi. Jordmorstillinga blir auka frå 30 til 40 prosent.

Til kulturvern er det gjort framlegg om 100.000 kroner til drift av Bogatunet og Syltastova. Vedlikehald av kommunale vegar vert føreslege styrka med ca 100.000, og det blir sett av 500.000 kroner til auka driftsomfang i vassverket.

Rådmannen legg opp til samla investeringar på 80,9 mill i 2017. I tillegg kjem kjøp av andelar i KLP 1,2 mill. Investeringane må finansierast ved låneopptak. Det vil stå att om lag 9 mill. kroner i unytta lånemidlar pr 1.1.2017. Låneopptak i 2017 vert difor 63,7 mill. etter rådmannen sitt framlegg.

Den største investeringa er ny barnehage på Bø, der rådmannen har sett av 30 millionar i budsjettframlegget. Det er vidare lagt opp til vass- og avløpsprosjekt 29,7 millionar kroner (som er sjølvfinansierande).

Andre større prosjekt det er funne plass til i budsjettet er nærmiljøtiltak Bø 3 mill, kommunale bustader 2,5 mill, oppgradering garderobe Manger skule 2,5 mill, turveg/lysløype Manger 2 mill, asfaltering kommunale vegar 2 mill.

Rentenivået til lån med flytande rente er rekna til 1,85% i 2017. Lån med fast rente går i samsvar med renteplan 2,49% i Kommunalbanken og 2,1% i Husbanken. Samla rentekostnad er 6,58 mill i 2017, avdrag er utrekna til 8,62 millionar, som er tett opptil minimumsavdrag etter Kommunelova.

Rådmannen og økonomisjefen svara på spørsmål.

Kenneth Taule Murberg (H) stilte spørsmål om det er gjort vurderingar om å binda renta på ein større del av kommunen si lånegjeld. Økonomisjefen svara at det er mogleg å sjå på rentevurderingar i samband med revidering av Finansreglementet, t.d. ut på nyåret.

Rådmannen fekk gode tilbakemeldingar på framlegget til budsjett, ikkje minst at budsjettet har fanga opp politiske signal. Ordførar Jon Askeland oppsummerte budsjettdrøftinga i formannskapet og kom med klar oppmoding om at netto driftsresultat ikkje må svekkast i den vidare prosessen. Han rådde til at framlegg om nye tiltak må salderast i budsjettet.

Det vart ikkje gjort realitetshandsaming av budsjett og økonomiplan i dette møtet.

#### **FS - vedtak:**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

#### **Formannskapet i Radøy - 106/2016**

#### **FS - handsaming:**

Til møtet låg det føre eit notat frå fleirtalskoalisjonen (Sp/Sp/KrF), og det kom innspel frå Høgre og Frp, som vart samkjørt til ei felles formannskapstilråding. Leiar i Radøy idrettsråd, Bjørn Ove Myking, presenterte idrettsrådet sin uttale.

**Etter grundige og gode drøftingar, der rådmannen og kommunalsjefane orienterte og svara på spørsmål på dei ulike fagområde, la formannskapet fram følgjande felles framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan for 2017-2020:**

Formannskapet gjev rådmannen honnør for budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020, og legg fram følgjande samla formannskapsinnstilling:

### 1. Driftsbudsjettet

Formannskapet tilrår rådmannen sitt driftsbudsjett(eige dokument), med følgjande endringar:

Tekst	Kostnad(kr)	Saldering
Auka etter- og vidareutdanning skulesektoren	100 000	Redusert mindreforbruk
Driftsmidlar idrettsrådet	5 000	Redusert mindreforbruk
Auka anleggsmidlar idrettsanlegga	100 000	Redusert mindreforbruk

#### 1.1 Formannskapet har i tillegg desse punkta/merknadene til driftsbudsjettet:

##### 1.1.1. Oppvekstsektoren

Radøy kommune fortset det sterke fokuset på tidleg innsats i heile skuleløpet, der elevane meistarar og følgjer fagprogresjon og når høgt læringsutbytte i tråd med La Linea o.a. tiltak. Tidleg innsats og vidareføring av program for å hindra mobbing og sosial utestenging innan oppvekstområdet er viktig for skuleeigar. Radøy skal minst følgja nasjonale mål for symjeundervising,- alle born i ein kystkommune som vår skal læra seg å symja.

- For 2017 skal følgjande prioriterast: DUÅ skal søkjast fullt implementert i alle barnehagane. Innan skulen ønskjer kommunestyret snarast ein status og tilråding på følgjande: Tiltak for elevar med dysleksi, Fysisk aktivitet à la Sogndal (Resaland), behov for evt sosiallærer i barnehage og barneskule, utesituasjonen i skulen, samarbeidet heim-skule.
- Kommunestyret ber også om status og behov for evt. auka kjøp av lærebøker, og vil vurdere løyving i samband med disponering av årsresultat for 2016.
- Med tilvising til gjennomgang av tilstandsrapport for Radøyskulane haust 2016, ber kommunestyret om tiltakspakke for auka etter- og vidareutdanning(primært kurs), og korleis dette skal prioriterast. Prioriteringane skal m.a. innehalda skuleeigar sitt arbeid for 0-toleranse mot mobbing der dette er eit tema, og for å sikra tidleg meistring og høgt læringsutbytte hjå elevane.
- Kommunestyret viser til innspel frå Utdanningsforbundet om bemanningssituasjonen i barnehagane, og har som mål å auka grunnbemanninga med 2,7 årsverk (fagarbeidarar/assistentar). Dette arbeidet startar i 2017, og rådmannen gjer tiltak innan budsjetttramma dette året.

- Kommunestyret ber rådmannen innan 1. april leggja fram kost/nytte/konsekvensvurdering for formannskapet om evt. utvida skuleskyss i vinterhalvåret.
- Kommunestyret ber rådmannen om ei kost/nytte/konsekvensvurdering for formannskapet av evt. utvida opningstid på SFO (start kl 0700), og søskenmoderasjon på SFO.

### 1.1.2 Helse- og omsorgssektoren

- Kommunestyret helsar velkomen rådmannen sitt arbeid med ein overordna Kommunedelplan for Helse og omsorg. Arbeidet skal starta i 2017. I dette arbeidet skal ein gjera analysar av framtidig tenestebehov på kort og lang sikt. Ein vil utarbeida ei omsorgstrapp som synleggjer dei ulike tenestenivåa i kommunen, slik at den einkilde får rett teneste til rett tid.

Under planarbeidet skal det:

- Undersøkjast ut om Radøy, Lindås og Meland kommunar kan etablera eit nærjordmorsenter i Knarvik.
  - Gjerast ei utgreiing kring dagtilbod til heimebuande eldre og menneske med utfordringar innan psykisk helse og rus.
  - Vurderast eit samarbeid med Lindås og Meland om samlivsterapi/familieterapi.
  - Vera fokus på frivillig arbeid (Frivilligsentralen) opp mot born- og unge med særskilte behov samt flyktningar, personar med psykiske lidningar og rusmiddelavhengigheit.
  - Utgreiast bustadbehov for eldre og personar med særskilte behov.
  - Utgreiing av avlastingstilbodet for barn med særskilte behov.
- Kommunestyret ber om at sommartilbodet til barn og unge med særskilte behov vert vidareført og vidareutvikla.
  - Kommunestyret ønskjer ei snarleg orientering om status/tiltak i samband med nasjonalt vedtak om innføring av aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar under 30 år frå 1.1.2017.
  - Kommunestyret ønskjer status på busetjing av flyktningar med innvilga opphald, prognose og lokal behovsvurdering i løpet av 1. halvår.
  - Radøy kommune skal styrkja og vidareutvikla samarbeidet med Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, og pårørande.

### 1.1.3 Drift- og forvaltningssektoren

- Kommunestyret ønskjer snarast råd ei sak på tiltak og prioriteringar for å redusera ulovlege tiltak etter plan- og bygningslova (jfr debatt i hovudutvalet oktober 2016).
- Kommunestyret ønskjer ei saksutgreiing på om det kan etablerast kommunalt fond for grøfting i landbruket, dette skal vera forsterkingsstøtte i samband med andre

ordningar. Kommunestyret ber rådmannen førebu sak der ein ber Fylkesmannen endra SMIL-midlane og andre nasjonale støtteordningar for å auka grøfting av landbruksjord.

- Kommunestyret støttar rådmannen si prioritering av ressursauke på plansida, slik at me er sikra god framdrift på planstrategien, og me understrekar prioriteringa av kommuneplanarbeidet.
  - Rådmannen må særleg halda eit aktivt fokus på
    - Masterplan for Manger, inklusive framtidig barnehageløysing
    - Planar for fylkesvegar(i etterkant av drøftingssak i formannskap/kommunestyre)
    - plan for næringsområde ved den nye vegen nord for Marås.
- Kommunestyret set av kr 5000,- til drift av idrettsrådet.
- Kommunestyret aukar anleggsmidlar til idrettsanlegg med kr 100.000,- årleg
- Kommunestyret støttar arbeidet med gjennomgangen på organisering, leiging og ressursbruk på vaktmeisterteneste/tekniske tenester, og helsar velkomen ei orientering om dette.
- Kommunestyret støttar rådmannen sitt planarbeid for orden, vedlikehald og oppgradering av uteområda. Kommunestyret ber om at også uteområda (aktivitetsområda) ved skular og barnehagar, og sentrale område på Manger (inklusive det samanhengane området frå Velferdssenteret til Nesvatnet) vert med i dette arbeidet.
- Kommunestyret støttar rådmannen sitt arbeid med plan for sommarvedlikehald av kommunale vegar, og ser fram til sak på dette før 1. april.
- Kommunestyret ber rådmannen fortsetja aktiv oppfølging av TS-planen.
- Kommunestyret ønskjer ei enkel utgreiing av evt Fairtradeprosjekt i Radøy kommune.

## 2. Investeringsbudsjettet

Formannskapet tilrår rådmannen sitt investeringsbudsjett(eige dokument), med følgjande endringar:

Tekst	Auke/ending vs rådmannen	Reduksjon/ending vs rådmannen
Prestegardshagen, opprusting til park	200 000	
Minnelund og reidskapshus Manger kyrkjegard, miljøvenlege flaumlys Manger kyrkje	100 000	

Mindre investeringar		300 000
Nærmiljøtiltak Bø utsetjast til 2018		3 000 000
Asfaltering kommunale vegar(prisinnhenting i lågsesong)	3 000 000	

## 2.1 Formannskapet har i tillegg desse merknadene/punkta til investeringsbudsjettet:

- 2.1 Kommunestyret ønskjer snarast råd avklaring på byggestart ny barnehage på Bø, der det er sjekka ut moglegheiter og kostnader for ulike konsept innan det offentlege området mellom skulen og barnehagen.
- Prestegardshagen skal opprustast til park, og rådmannen vert beden om å etablera kontakt med aktuelle lag i Manger (bygdelag mfl) for samarbeid om dette(dugnad,planting, stell mm).
- Kommunestyret bed rådmannen utgreia betre kioskløysingar i Radøyhallen, også til bruk for mindre arrangement. Utgreiinga må ta omsyn både til behova hjå Ungdomsklubben og andre brukarar i Radøyhallen. Kommunestyret ber rådmannen aktivt jakta etter nye/pent brukte stolar til tribuna i Radøyhallen.
- Rådmannen skal vera ein aktiv medspelar for å realisera dugnadsanlegg for kommunalt vatn der det kjem ønskje om dette. Rådmannen legg fram politisk sak om nødvendig.
- Kommunestyret ønskjer vurdert skiljeveggar i dusjen også i symjegarderobane.
- Kommunestyret ønskjer at nye bilar har miljøvenleg teknologi(el/hybrid) i kombinasjon med at dei er tenlege for drifta av tenestene.
- Ambisjonane for nærmiljøtiltaka for Bø står ved lag, men kommunestyret meiner det realistisk sett er rett å flytta desse til 2018 i samband med ferdigstilling av kommunedelplanen og ny barnehage.
- Kommunestyret aukar asfalteringsbudsjettet for 2017, og vektlegg særleg bustadfelta.
- Kommunestyret ber rådmannen og Radøy sokn samarbeida om å få realisert energivenleg flombelysing av Nordhordlandskatedralen i vinterhalvåret.
- Kommunestyret viser til forbod mot oljefyrar frå 2020 og ber rådmannen utgreia korleis dette skal løysast for Hordabø kyrkje og Nordhordlandskatedralen.

## 3. Økonomiplanen

Formannskapet tilrår rådmannen sin økonomiplan (eige dokument), med følgjande endringar:

Tekst	Endring 2018 vs rådmannen	Endring 2019 vs rådmannen
Nærmiljøtiltak Bø utsetjast til 2018	+3 000 000	

Oppgradering kinosal	+500 000	-500 000
----------------------	----------	----------

### 3.1 Formannskapet har i tillegg desse merknadene/punkta til økonomiplanen:

- Kommunestyret støttar at det vert etablert småbarnsplassar ved Austebygd barnehage.
- Kommunestyret ønskjer ei vurdering av behov for restoppgraderingar av bygg og evt. inventar ved ungdomsskulen.

### FS - vedtak:

Formannskapet gjev rådmannen honnør for budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020, og legg fram følgjande samla formannskapsinnstilling:

#### 1. Driftsbudsjettet

Formannskapet tilrår rådmannen sitt driftsbudsjett(eige dokument), med følgjande endringar:

Tekst	Kostnad(kr)	Saldering
Auka etter- og vidareutdanning skulesektoren	100 000	Redusert mindreforbruk
Driftsmidlar idrettsrådet	5 000	Redusert mindreforbruk
Auka anleggsmidlar idrettsanlegga	100 000	Redusert mindreforbruk

#### 1.1 Formannskapet har i tillegg desse punkta/merknadene til driftsbudsjettet:

##### 1.1.1. Oppvekstsektoren

Radøy kommune fortset det sterke fokuset på tidleg innsats i heile skuleløpet, der elevane meistarar og følgjer fagprogresjon og når høgt læringsutbytte i tråd med La Linea o.a. tiltak. Tidleg innsats og vidareføring av program for å hindra mobbing og sosial utestenging innan oppvekstområdet er viktig for skuleeigar. Radøy skal minst følgja nasjonale mål for symjeundervising,- alle born i ein kystkommune som vår skal læra seg å symja.

- For 2017 skal følgjande prioriterast: DUÅ skal søkjast fullt implementert i alle barnehagane. Innan skulen ønskjer kommunestyret snarast ein status og tilråding på følgjande: Tiltak for elevar med dysleksi, Fysisk aktivitet à la Sogndal (Resaland), behov for evt sosiallærer i barnehage og barneskule, utesituasjonen i skulen, samarbeidet heim-skule.
- Kommunestyret ber også om status og behov for evt. auka kjøp av lærebøker, og vil vurdere løyving i samband med disponering av årsresultat for 2016.
- Med tilvising til gjennomgang av tilstandsrapport for Radøyskulane haust 2016, ber kommunestyret om tiltakspakke for auka etter- og vidareutdanning(primært kurs), og korleis dette skal prioriterast. Prioriteringane skal m.a. innehalda skuleeigar sitt arbeid

for 0-toleranse mot mobbing der dette er eit tema, og for å sikra tidleg meistring og høgt læringsutbyte hjå elevane.

- Kommunestyret viser til innspel frå Utdanningsforbundet om bemanningssituasjonen i barnehagane, og har som mål å auka grunnbemanninga med 2,7 årsverk (fagarbeidarar/assistentar). Dette arbeidet startar i 2017, og rådmannen gjer tiltak innan budsjettramma dette året.
- Kommunestyret ber rådmannen innan 1. april leggja fram kost/nytte/konsekvensvurdering for formannskapet om evt. utvida skuleskys i vinterhalvåret.
- Kommunestyret ber rådmannen om ei kost/nytte/konsekvensvurdering for formannskapet av evt. utvida opningstid på SFO (start kl 0700), og søskenmoderasjon på SFO.

### **1.1.2 Helse- og omsorgssektoren**

- Kommunestyret helsar velkomen rådmannen sitt arbeid med ein overordna Kommunedelplan for Helse og omsorg. Arbeidet skal starta i 2017. I dette arbeidet skal ein gjera analysar av framtidig tenestebehov på kort og lang sikt. Ein vil utarbeida ei omsorgstrapp som synleggjer dei ulike tenestnivåa i kommunen, slik at den einkilde får rett teneste til rett tid.

Under planarbeidet skal det:

- Undersøkjast ut om Radøy, Lindås og Meland kommunar kan etablera eit nærjordmorsenter i Knarvik.
- Gjerast ei utgreiing kring dagtilbod til heimebuande eldre og menneske med utfordringar innan psykisk helse og rus.
- Vurderast eit samarbeid med Lindås og Meland om samlivsterapi/familieterapi.
- Vera fokus på frivillig arbeid (Frivilligsentralen) opp mot born- og unge med særskilte behov samt flyktningar, personar med psykiske lidningar og rusmiddelavhengigheit.
- Utgreiast bustadbehov for eldre og personar med særskilte behov.
- Utgreiing av avlastingstilbodet for barn med særskilte behov.
- Kommunestyret ber om at sommartilbodet til barn og unge med særskilte behov vert vidareført og vidareutvikla.
- Kommunestyret ønskjer ei snarleg orientering om status/tiltak i samband med nasjonalt vedtak om innføring av aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar under 30 år frå 1.1.2017.
- Kommunestyret ønskjer status på busetjing av flyktningar med innvilga opphald, prognose og lokal behovsvurdering i løpet av 1. halvår.
- Radøy kommune skal styrkja og vidareutvikla samarbeidet med Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, og pårørande.

### 1.1.3 Drift- og forvaltningssektoren

- Kommunestyret ønskjer snarast råd ei sak på tiltak og prioriteringar for å redusera ulovlege tiltak etter plan- og bygningslova (jfr debatt i hovudutvalet oktober 2016).
- Kommunestyret ønskjer ei saksutgreiing på om det kan etablerast kommunalt fond for grøfting i landbruket, dette skal vera forsterkingsstøtte i samband med andre ordningar. Kommunestyret ber rådmannen førebu sak der ein ber Fylkesmannen endra SMIL-midlane og andre nasjonale støtteordningar for å auka grøfting av landbruksjord.
- Kommunestyret støttar rådmannen si prioritering av ressursauke på plansida, slik at me er sikra god framdrift på planstrategien, og me understrekar prioriteringa av kommuneplanarbeidet.
  - Rådmannen må særleg halda eit aktivt fokus på
    - Masterplan for Manger, inklusive framtidig barnehageløysing
    - Planar for fylkesvegar(i etterkant av drøftingssak i formannskap/kommunestyre)
    - plan for næringsområde ved den nye vegen nord for Marås.
- Kommunestyret set av kr 5000,- til drift av idrettsrådet.
- Kommunestyret aukar anleggsmidlar til idrettsanlegg med kr 100.000,- årleg
- Kommunestyret støttar arbeidet med gjennomgangen på organisering, leiging og ressursbruk på vaktmeisterteneste/tekniske tenester, og helsar velkomen ei orientering om dette.
- Kommunestyret støttar rådmannen sitt planarbeid for orden, vedlikehald og oppgradering av uteområda. Kommunestyret ber om at også uteområda (aktivitetsområda) ved skular og barnehagar, og sentrale område på Manger (inklusive det samanhengane området frå Velferdssenteret til Nesvatnet) vert med i dette arbeidet.
- Kommunestyret støttar rådmannen sitt arbeid med plan for sommarvedlikehald av kommunale vegar, og ser fram til sak på dette før 1. april.
- Kommunestyret ber rådmannen fortsetja aktiv oppfølging av TS-planen.
- Kommunestyret ønskjer ei enkel utgreiing av evt Fairtradeprosjekt i Radøy kommune.

## 2. Investeringsbudsjettet

Formannskapet tilrår rådmannen sitt investeringsbudsjett(eige dokument), med følgjande endringar:

Tekst	Auke/endring vs rådmannen	Reduksjon/endring vs rådmannen



Prestegardshagen, opprusting til park	200 000	
Minnelund og reidskaphus Manger kyrkjegard, miljøvenlege flaumlys Manger kyrkje	100 000	
Mindre investeringar		300 000
Nærmiljøtiltak Bø utsetjast til 2018		3 000 000
Asfaltering kommunale vegar(prisinnhenting i lågsesong)	3 000 000	

## 2.1 Formannskapet har i tillegg desse merknadene/punkta til investeringsbudsjettet:

- 2.1 Kommunestyret ønskjer snarast råd avklaring på byggestart ny barnehage på Bø, der det er sjekka ut moglegheiter og kostnader for ulike konsept innan det offentlege området mellom skulen og barnehagen.
- Prestegardshagen skal opprustast til park, og rådmannen vert beden om å etablera kontakt med aktuelle lag i Manger (bygdslag mfl) for samarbeid om dette(dugnad,planting, stell mm).
- Kommunestyret bed rådmannen utgreia betre kioskløysingar i Radøyhallen, også til bruk for mindre arrangement. Utgreiinga må ta omsyn både til behova hjå Ungdomsklubben og andre brukarar i Radøyhallen. Kommunestyret ber rådmannen aktivt jakta etter nye/pent brukte stolar til tribuna i Radøyhallen.
- Rådmannen skal vera ein aktiv medspelar for å realisera dugnadsanlegg for kommunalt vatn der det kjem ønskje om dette. Rådmannen legg fram politisk sak om nødvendig.
- Kommunestyret ønskjer vurdert skiljevoggar i dusjen også i symjegarderobane.
- Kommunestyret ønskjer at nye bilar har miljøvenleg teknologi(el/hybrid) i kombinasjon med at dei er tenlege for drifta av tenestene.
- Ambisjonane for nærmiljøtiltaka for Bø står ved lag, men kommunestyret meiner det realistisk sett er rett å flytta desse til 2018 i samband med ferdigstilling av kommunedelplanen og ny barnehage.
- Kommunestyret aukar asfalteringsbudsjettet for 2017, og vektlegg særleg bustadfelta.
- Kommunestyret ber rådmannen og Radøy sokn samarbeida om å få realisert energivennleg flombelysing av Nordhordlandskatedralen i vinterhalvåret.
- Kommunestyret viser til forbod mot oljefyrar frå 2020 og ber rådmannen utgreia korleis dette skal løysast for Hordabø kyrkje og Nordhordlandskatedralen.

## 3. Økonomiplanen

Formannskapet tilrår rådmannen sin økonomiplan (eige dokument), med følgjande endringar:

Tekst	Endring 2018 vs rådmannen	Endring 2019 vs rådmannen
Nærmiljøtiltak Bø utsetjast til 2018	+3 000 000	
Oppgradering kinosal	+500 000	-500 000

### 3.1 Formannskapet har i tillegg desse merknadene/punkta til økonomiplanen:

- Kommunestyret støttar at det vert etablert småbarnsplassar ved Austebygd barnehage.
- Kommunestyret ønskjer ei vurdering av behov for restoppgraderingar av bygg og evt. inventar ved ungdomsskulen.

#### Vedlegg:

Rådmannen sitt framlegg 09\_11\_2016

Budsjett 2017 - første handsaming - RMNF

Budsjett 2017 - første handsaming - Eldrerådet

Utvidetsærutskrift

Radøy idrettsråd - uttale til budsjett 2017